



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 19.10.2017  
Vår ref: 15/00298-16  
Deres ref:

## Høring av søknad om driftskonsesjon for Vassendemonna grustak i Gloppen kommune. Tiltakshavar: Eide Sandtak ved Anders Eide

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** mail@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG\_NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 29.12.2014.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høringa.

### Høringsfrist: 16.11.2017

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på [dirmin.no](http://dirmin.no) under «Saker til høring». Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

### Samandrag av søknaden

Vassendemonna er eit grustak lokalisert på gnr./bnr. 76/6 og 76/5 i Gloppen kommune. Det omsøkte området er om lag 55 dekar og går fram av kart på side 24 i høyringsvedlegget. Omsøkt område er regulert til «grustak» i reguleringsplan datert 30.09.1996 med plan-ID 199601 og namn «Vassendemonna grustak». Det er oppgjeve at førekomsten består av grus som hovudsakleg vil nyttast som tilslag til betong- og asfaltproduksjon. Det er estimert eit årleg uttak på om lag 20.000 m<sup>3</sup> og eit totalt gjenståande uttak på 500.000 m<sup>3</sup>.

### Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.



Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka. Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

DMF har ved søk i naturbase og artskart (31.03.2017) ikkje gjort funn innanfor eller i tilgrensning til det omsøkte området. DMF ber **kommune** og **fylkesmann** om å opplyse om det er tilhøve som bør omsynstas for å ta vare på naturtypen og artane i eller i tilgrensning til området. Tilsvarande bes **fylkeskommunen** om å opplyse om det er tilhøve som bør omsynstas for å ta vare på kulturminna i eller i tilgrensning til området.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

#### **Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m<sup>3</sup> og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg:

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

#### **Høyringsfråsegnene skal sendast til**

E-post: [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)

eller

Ordinær post:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim



Med helsing

Erlend Alvestad  
overingeniør

Maria Teresa Martinez  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Maria Teresa Martinez

Mottakarar:

Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823 SANDANE
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsav. 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Anders Eide	EIDSVEGEN 91	6823 SANDANE
Grethe Sagevik Eide	EIDSVEGEN 69	6823 SANDANE
Lars Eide	EIDSVEGEN 69	6823 SANDANE
Svein Arne Djupegot	BREIMSVEGEN 452	6823 SANDANE
Gloppen Energi AS	–	6823 SANDANE
Anton Kandal	KANDALSVEGEN 1099	6823 SANDANE

Kopi til:

Eide Sandtak	v/ Anders Eide, Eidsvegen	6823 SANDANE
--------------	---------------------------	--------------